

Kopimottaker:  
Statsforvaltaren i Vestland  
Njøsavegen 2  
6863 LEIKANGER

Vår dato: 19.04.2023  
Vår referanse: 22/53256- 6  
Dykkar dato: 06.07.2022  
Dykkar referanse:

### Svar på førespurnad om omgjerung

Landbruksdirektoratet syner til ditt brev dagsett 6. juli 2022. I brevet ber du direktoratet om å prøve saka di om frådeling etter jordlova § 12. Du viser til avslaga frå Etne kommune og Statsforvaltaren i Vestland i saka.

#### Landbruksdirektoratet sine merknader

Saka er endeleg avgjort av Statsforvaltaren i Vestland. Vedtaket i klagasaka kan ikkje klagast vidare, sjå forvaltningslova § 28.

Etter forvaltningslova § 35 er det likevel høve for overordna myndigheit å omgjere vedtaket viss det ikkje er til skade for den vedtaket gjeld, eller vedtaket må reknast som ugyldig. At eit vedtak er ugyldig kan mellom anna bety at det inneheld saksbehandlingsfeil som det er ei rimeleg moglegheit for at kan ha hatt verknad på resultatet i saka, jf. forvaltningslova § 41. Landbruksdirektoratet finn ikkje at det er gjort saksbehandlingsfeil i denne saka. Dette er heller ikkje nemnt som ein klagegrunn av deg.

Årsaka til at du ber direktoratet ser på saka, er at du meiner at Statsforvaltaren og kommunen ikkje har tatt nok omsyn til avstanden mellom registereiningane og ressursituasjonen på eigedomen. Landbruksdirektoratet syner til at desse spørsmåla har blitt tatt opp i behandlinga av saka. Vi finn derfor ikkje grunn til å gå inn i ei vurdering av dette utanom klagesak. Vi ser heller ikkje andre ugyldigheitsgrunnar ved behandlinga hos Statsforvaltaren eller kommunen.

Som Statsforvaltaren viser til i sitt vedtak, kan det finnast andre moglege løysningar enn kva som er søkt om i denne omgangen.

**Landbruksdirektoratet omgjer ikkje vedtaka til Statsforvaltaren i Vestland eller Etne kommune i saka. Dette er ikkje eit enkeltvedtak, og kan ikkje klagast på.**

Med helsing  
for Landbruksdirektoratet

Aud-Ingrid Krefting  
seksjonssjef

Maja Sandvik Schartum  
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng difor ingen signatur.

Mottakar:  
Ingemund Berge

Kopi til:  
Statsforvaltaren i Vestland

Njøsavegen 2

6863 LEIKANGER